

MØTEREFERAT - EKSTERN

PROSJEKT Austmarka Sentrum, VA-rammeplan	PROSJEKTLEDER Bengt Clausen	DATO 20.06.2018
PROSJEKTNRUMMER 10204782	OPPRETTET AV Sondre Hauglum	
STED Radøy Kommunehus	DATO 19.06.2018	TID 1330- 1500
DELTAKERE	Sondre Hauglum Bengt Clausen Einar Færø Ingrid Didriksen	SH BC EF ID
KOPI TIL Claus Pletten Rune Ulvatn	Oppdragsgivar Oppdragsgivar	CP RU

Sammendrag

Formålet med møtet var å gjennomgå status og vidare arbeid for VA-rammeplanen for utbygging av bustad- og næringsbygg i Austmarka sentrum. Sakene gjennomgått i møtet omhandla kva informasjon som må leggast til den innsendte VA-rammeplanen, diskusjon kring etablering av slamavskiljar og akseptable løysingar for trasé til sjø. I tillegg vart det opplyst frå kommunen at det er planlagt ei utbygging av bustader vest for tiltaksområdet. Dette prosjektet har fått godkjent sin VA-rammeplan med ei septiktankløysing for utslepp i sjø.

Status for vidare arbeid med VA-rammeplan

I møtet vart det gjennomgått kva gjenståande arbeid er som skal til for å få godkjent VA-rammeplanen. Radøy kommune var einig i Swecos tolking av kva ein VA-rammeplan skal innehalde, ein overordna plan som tar utgangspunkt i om det er mogleg å etablere traséval og kople seg på eksisterande nett. Given att det allereie var godkjent nedsetting av septiktank med utslepp i sjø for utbygginga av øvre Austmarka, stiller kommunen seg positiv til bruk av septiktank

1 (2)

Sweco Fantoftvegen 14P NO-5072 Bergen, Norge Telefon +47 55 27 50 00 www.sweco.no	Sweco Norge AS 967032271 Hovedkontor: Oslo Mobil 90874905 sondre.hauglum@sweco.no	Sondre Hauglum
--	--	----------------

for Austmarka sentrum. Det vart òg lagt fram krav om fordrøyning av overvatnet (OV) før utslepp i elv som ligg nordaust for tiltaksområdet.

Radøy kommune uttrykte at dei har ikkje mottatt informasjon om kor mange personar denne utbygginga er dimensjonert for, noko kommunen uttrykte var ein faktor for å godkjenne VA-rammeplanen. Kommunen har ikkje mottatt nokon reguleringsplan eller områdeplan for utbygginga . Sweco har vore i kontakt med arkitekt i Ardarealplan og kunne opplyse om at bustad- og næringsbygga er dimensjonert for eit antall på 130 pe i tillegg til 1015m² næring i 1.-etasje på det vestlege bustadkomplekset. Sweco legg til grunn dimensjonering for 150 pe for den komande utbygginga. Om denne informasjonen vert lagt ved i VA-rammeplanen var dette tilstrekkeleg dokumentasjon for dimensjonering ifølgje Radøy kommune.

Om desse punkta vart lagt til i VA-rammeplanen var EF positiv til godkjenning av planen.

Tilleggsinformasjon

Det vart nemnt av kommunen at bekken aust for tiltaksområdet, som Sweco har planlagt utslepp av OV i, går gjennom røyr og tunellar ned til sjø. Om OV fordrøyast korrekt skal det ikkje vera problem å nytte denne bekken for utslepp av OV.

Referent

Sondre Hauglum

Godkjent av

Bengt Clausen

2 (2)

MØTEREFERAT - EKSTERN
20.06.2018